Emne nr. 8 Telemark
Hjartdal.

# Beit og brom.

Oppskr. av Aanund Hardang.

Det har vore bruka å gjeva kyrne ris og er nok nytta enno på ymse plassar. Dette er bjørkeris. Ikkje vintertid å samle slikt heiter: a rise.
Brom er namnet på knuppane på bjørkeriset – helst når dei har svulma opp fram på vårparten. Kanskje er det eit namn på knuppen ogso før.x)
Beit er eit samnamn på vedkosten som blir heimkøyrt til ved, med riset på til dyra. Ein seier: ein beitekost. når ein har lagt veden saman.
Det er da for det meste bjørk, men det kan og vera rogn, osp og selje med. Nokon serskild beiteslede var ikkje bruka. Beit henta ein heim heile vinteren etter som det fall.
Ein køyrer då heim heile tre og høgg av kvistane til ris for dyra.
Til dette bruka ein store vinterslEdar med stålskonningar, og til å hogge av kvistane brukar ein laudkniv, den same som ein lauvar med om sumaren. Det er kyrne som blir fôra med dette riset. For sau og geit brukar ein helst gras og fôr-bar (tollebar).
Då folk hadde geiter var det vanleg før at dei slepte geitene ut i bekke-

x) Det heiter bjørkebrom heile vetteren.

6016

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kosten so dei skunde gnaga der.
Noko av det som vert spurt om i sp. 7
kjenner eie ingting om på desse
kantar no.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6016